

## Dårleg informasjon til sjukeheim

Ein pasient på ein sjukeheim fall, og vart send til sjukehuset for røntgenundersøking. Pasienten kom tilbake til sjukeheimen seinare same dag utan skriftleg dokumentasjon på kva ein hadde funne. Personalet på sjukeheimen ringte til sjukehuset for å få vite resultatet av røntgenundersøkinga. Det blei då opplyst at det ikkje var funne noko brot.

Neste dag vart pasienten mobilisert fram på golvet med store smerter. Sjukeheimen ringte til legekantoret i kommunen for å få meir smertestillande. Tilsette på legekantoret kunne då opplyse at dei hadde fått epikrisen elektronisk, og at der var skreve at pasienten hadde ein brotskade som ikkje skulle behandlast med gips.

### Årsaksanalyse:

Det er fast rutine på sjukehuset at det blir sendt epikrise både til sjukeheimen og til legekantoret når pasientane er på poliklinisk undersøking/behandling. Her har dette svikta. Den tilsette som svarte på telefon, har svart feil på spørsmålet om det var brot.

### Tiltak:

Avdelinga som hadde gjort feilen, har hatt denne saka oppe til drøfting på personalmøte.

Det vert arbeidd med å få tilgang til å sende elektroniske meldingar til pleie og omsorg i kommunane, også frå andre einingar enn sengepostar.

### Pasienttryggingutvalet (PTU) si vurdering:

Å få til ei god samhandling mellom sjukehusa og kommunane er eit høgt prioritert område. Dialogen må vere god begge vegar. I denne saka er det tydeleg at det har vore både manglande kommunikasjon og feil opplysning. Dette er beklageleg. Helse Førde arbeider kontinuerleg med forbetring av samhandlinga og læring av feil som har skjedd.